



Tor Halvor Halvorsen
Kjeilevegen 137
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6960 - 16/22495

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
23.08.2016

Førebels svar - trong for tilleggskontroll gbnr 125/10 Kjeilen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.06.16.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket og dispensasjonssøknad må nabovarslast på nytt sidan varsling føreteke i sak 14/5903 er gått ut på dato, eit nabovarsel har varigheit i 1 år jf. plan- og bygningslova § 21-3
2. Det må leverast inn målsett og situasjonsplan i rett målestokk (avstandar til bygningar og grenser skal påførast)
3. Det må det leverast inn målsette teikningar av kai, flytebrygge og landgang. Sjå vedlagt rettleier frå NKF.
4. Det må leggest fram skriftleg avtale som gjev rett til å etablere og vedlikehalde kai, landgang og flytebrygge frå grunneigar, signert og datert, utdrag frå rettsbok i jordskifteretten 02.10.1979 som vart sendt inn i sak 14/5903 gjev ikkje, slik vi kan sjå det, rett til å etablere omsøkte tiltak.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn **samla innan 28.09.16**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.



Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tor Halvor Halvorsen

Kjeilevegen 137 5953

FONNES